

Politikarane i Fitjar
v/Harald Rydland
Kommunestyret

Samarbeidsutvalet
v/Øvrebygda skule

BREV OM BUDSJETT 2022 OG ØKONOMIPLAN 2022-2025 FRÅ SAMARBEIDSUTVALET VED ØVREBYGDA SKULE

Samarbeidsutvalet ynskjer å kome med merknader til budsjett- og økonomiplanframlegget frå rådmannen. Først vil me understreka at me er glade for at Formannskapet har funne konstruktive løysingar på dei punkta me som skulen opplevde laga uro rundt skulen si framtid og punkt som hadde gjort det vanskeleg både for elevar og foreldre.


Me vil påpeika at den stadig negative tiltaka rundt skulen ved nedlegging av SFO og flytting av 7.klasse, verkar negativt for framtida for bygda og framtidig busetnad. No håper me på ro rundt skulen til ein har utarbeidd ny skulebruksplan.

Desse punkta ynskjer me at kommunestyret tar med i vidare budsjettarbeid:

1. Me opplever ein stram ressurstilgang. Nedtrekket av pedagogtimar dei siste åra frå 21 t/v til 14 t/v dei to siste åra har ført til fleire samanslåtte timar for store grupper. Dette har gjort det vanskelegare å følgja opp elevar.
2. Samarbeidsutvalet er uroa over for at det er berre ei vakt som skal dekkja eit stort område ute ut frå den bemanninga me har. Dette handlar om kor mange vaksne me er.
3. Me er glade for at det er lagt inn pengar til skifte av underlag i ballbingen. Dette må realiserast i løpet av våren 2022. Me ynskte også å få byta ut eit leikeapparat som er prega av slitasje og rote. Det var det ikkje sett av pengar til.
4. Samarbeidsutvalet vil også påpeika at prosjektet Øvrebygda Arena kan bli eit spennande tiltak, men det har ikkje vore noko involvering lokalt før dette kom opp.
5. Me har ein skule med lite hærverk. Det er me glade for. Skulen har ein del vindauger som er rotne både i 39-bygg og gymsal. Det må setjast av pengar til naudsynt vedlikehald.
6. Me ventar enno på ventilasjonsanlegg i administrasjonsavdeling. I år er det sett av 300.000 kr som er det same beløpet som blei vedtatt i fjorårets budsjett. Dette handlar om dei tilsette sitt arbeidsmiljø.

Me håper at innspela vert tatt med i budsjettarbeidet.

Fitjar, 30.11.2021



-rektor-



- leiar i SU Øvrebygda skule-